

HANDLINGSPLAN 2022 FOR BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO

EIN HEIM

Bondeungdomslaget i Oslo er ein frilyndt kultur- og idrettsorganisasjon med aktivitetar innan folkedans, teater, musikk, idrett og språk.

VI SKAL

- ❖ vere ein heim, og skape fellesskap og samhald på tvers av bakgrunn og alder
- ❖ vere eit lag der medlemmane utviklar seg som sjølvstendige og fellesskapsorienterte menneske
- ❖ vere ein stad for aktivitet, språk, mangfald og demokratibyggning
- ❖ vere ein synleg aktør med ei tydeleg stemme i utviklinga av lokalmiljøet i Oslo

BUL har svekka økonomi som følgje av koronaviruset. Laget må difor tilpasse aktiviteten og ambisjonsnivået, og planlegge ut frå ein svakare økonomisk situasjon.

1. HOVUDPRIORITERINGAR

- ❖ Sikre grunnlaget for velfungerande aktivitetane i særлага, hyttene og nemndene gjennom tilskot på 2019-nivå
- ❖ Sikre god drift og godt vedlikehald av eigedommar. I 2022 prioriterer vi nytt lys i Teatersalen og foajeen og oppussing av lager
- ❖ Drifte organisasjonen mest mogeleg effektivt. Gå gjennom den økonomiske stoda, og sikre likviditeten på lang sikt.
- ❖ Utarbeide og starte opp konkrete planar for 125-årsjubileet i 2024, for å markere BUL som ein viktig kulturinstitusjon i Oslo

2. MEDLEMSTILTAK

- ❖ Hovudlaget skal sørge for gode og trygge rammer for alle medlemmer, og innføre etiske retningslinjer, tilsvarende dei som Noregs Ungdomslag har
- ❖ Halde kontingenten uendra og vidareføre redusert kontingent for alle medlemmer under 27 år og honnørmedlemmer.
- ❖ Gi tillitsvalde tilgang til verktøy i Office 365-pakken/Sharepoint, og vidareutvikle bruken av økonomi- og rekneskapssystemet Xledger.
- ❖ Styrke kompetansen i laget gjennom kurs og liknande for tillitsvalde og tilsette.
- ❖ Oppmode alle om å bli med på kunnskapstevlinga Kven Veit?

3. ARRANGEMENT

- ❖ Markere Frivillighetens år og Vår Dag 22.2.22 i samarbeid med Garborgsenteret
- ❖ Arrangere markering for nye heidersmedlemmer når koronasituasjonen tillet det
- ❖ Bidra økonomisk til 17. mai-markeringa på Universitetsplassen

- ❖ Ta initiativ til tilskipingar, og sette i gang arbeid med aktivitetar som er tenlege for heile laget, dersom det er økonomisk rom for det.